# Skjåk kommune

## Skjåk barne- og ungdomsskule

### Rettleiing til føresette om korleis ein søkjer eller endrar SFO-plass i Skjåk kommune.

Alle elevar som ynskjer seg plass på skulen si SFO-ordning komande skuleår,  må søkje innan 29.april. Dette gjeld både for dei som allereie går på SFO og nye elevar. Dei som allereie har SFO-vedtak frå før, har framleis plassen sin, men føresette må gå inn for å starta tilbodet og evt. endre dagar og tidspunkt for det kommande skuleåret. All søknad, endringar og oppseiing skal gjerast i Visma Flyt Skule.

Som føresett loggar du deg inn på Visma Flyt skule med ID-porten.
Lenke og denne rettleiinga ligg på kommunen si heimeside.
Lenka er http://skole.visma.com/skjaak

- Klikk på ID-porten
- Logg på med minID eller med BankID




Når du har logga på, kjem du inn i heimsida di. Her har du alle elevane som du er registrert som føresett for.



## Korleis søkje om SFO-plass for elevar som ikkje allereie går på SFO:

Klikk på "SFO" for den eleven du ynskjer å søkje for. Det er berre elevar som går i 1.-4.klasse det inneverande skuleåret som har denne funksjonen.




Klikk så på "Søk SFO" som vist under.




Vidare må du leggje inn startdato for SFO. Ynskjer du SFO-plass frå fyrste skuledag, er det denne datoen du skriv inn. Skuleruta ligg på kommunen si heimeside.




Så vel du det SFO-opphaldet du ynskjer for din elev. Alle opphalda er heile timar. Morgon-SFO er alltid ein time. Elles er tidene våre slik:  13.10-14.10-15.10-16.10-16.30 der den siste økta er påbegynt så den blir rekna som 0,5 t.




Etter val av opphald kjem dette vindauget opp:




Du vil få opp ein type kalender på høgre side. Her fyller du sjølv inn kva dagar og tider som skal gjelde for din unge. Du kan og krysse av om eleven skal gå heim sjølv etter SFO. Du kan og leggje inn kommentarar i kommentarfeltet som skulen ser ved behandling av søknaden.

Hugs å lese gjennom SFO-vedtektene og huk av for at du samtykkjer.

Når ynskt informasjon er fylt inn, sender du søknaden ved å klikke "Lagre" nest i høgre hjørne.






Da er søknaden sendt til administrasjon for behandling. Du kan ikkje endre søknaden din før den er behandla og opphaldet har starta. Om det blir behov for endringar, ta kontakt direkte med skulen så ordnar vi dette.

## **Korleis søkje om endringar av SFO-plassen i løpet av skuleåret:**

Klikk på "SFO" for eleven du vil søkje om.




Da kjem dette vindauget opp. Her har du tre valmoglegheiter.
Klikk på "Endre opphald"  for å endre SFO-opphald og dagar eleven har SFO.




Vel startdato for det endra opphaldet, vel ny type opphald og gjer endringar i kalenderen. Legg og inn kommentar om det er nødvendig. Hugs å huke av for samtykke av vedtektene og trykk "send".



## Korleis søkje om SFO-plass neste skuleår for barn som allereie har SFO:

Klikk på "SFO" for eleven du vil søkje om.




Da kjem dette vindauget opp. Her har du tre valmoglegheiter. Klikk på "Søk SFO" for å søkje om plass neste skuleår.




Du søkjer deretter på same måte som beskrive for nye søkjarar i denne rettleiinga. Legg merke til at du ikkje kan søkje om overlappande opphald.

## Korleis seie opp SFO-plassen i løpet av skuleåret:

Klikk på "SFO" for eleven du vil seie opp plassen til.




Da får du opp dette vindauget. Her har du tre valmoglegheiter. Klikk på "Si opp plassen".




Vel sluttdato for opphaldet, legg inn evt kommentar om det er nødvendig. Hugs å huke av for samtykke til vedtektene og avslutt med "Lagre".